

*Til*

**Grunneigarar i og rundt Baståsen/Foldrøy/Sølvrusta og Oldereid marka!**

Med representantar frå alle delar av kommunen vart Bømlo Turlag stifta 27.september 2011. Den 11. januar 2012 vart Bømlo Turlag eit lokallag av Bergen og Hordaland Turlag og såleis også eit fullverdig medlem av Den Norske Turistforeining (DNT).

Bømlo Turlag har om lag 650 medlemmer ved årsskiftet.

Foreininga sitt mål er: Å tilrettelegga for et aktivt, enkelt og naturvennlig friluftsliv.

På Bømlo har det lenge før Bømlo Turlag vart stifta, vore driftige personar som har laga turløyper mange stader i kommunen. Nokre av disse er klarerte med grunneigarane og nokre løyper er det ikkje gjort avtalar om i det heile.

Bømlo Turlag har gjennom samarbeid med etablerte lag og organisasjonar søkt om midlar for å kunna merka ein del av eksisterande turløyper på Bømlo. (inneheld ikkje etablering av nye prosjekt). Vi har fått tildelt midlar frå Vestlandsprosjektet/Gjensidigestifelsen til slik merking. Prosjektet krev ein standard som er lik over heile landet og det set krav til oss om at vi skal ha godkjenningar/ avtalar med grunneigarar i området der turløypa er etablert.

Vi har gjennom samarbeidsavtale med ”Gutta på tur” laga ein skiltplan for nokre av dei eksisterande turløypene i og rundt Baståsen/Foldrøy/Sølvrusta og Oldereid marka. Sølvrusta og Johns Track vart skiltmerka i 2015, men no er det blitt ein del endringar knytta til ny veg i området. Dette krev sjølv sagt litt endringar. Merka løyper er også fornuftig i den grad at dei fleste turgåurar då brukar merka løyper og såleis normalt held seg vekke frå andre områder. Vi reknar med at vi vil vera klar til å merka dei eksisterande løypene i dette området i løpet av våren 2017.

De er registrert som grunneigar i området der det går turløyper i dag og vi håpar dette ikkje har vore til ulempe så langt. Vi legg ved ein standard ”turstiavtale” som vi håpar du vil skriva på og returnera til oss før 20. mai 2017. ( i vedlagt ferdig frankert konvolutt)

**Avtalen er standard for heile landet og vert brukt i samband med merking av turløyper.  
Dersom De ikkje tar kontakt eller sender avtalen i retur til oss innanfor fristen, reknar vi med at De aksepterar våre planar om merking i området.**

Det er sjølv sagt slik at vi ved enkelthøve kan komma i konflikt med innmarksbeite, trasear som går gjennom gardstun osv. Skulle det være slike tilhøve hos Deg håpar vi at du vil ta kontakt, slik at vi kan finna gode felles løysningar.

Vi håpar på eit godt og konstruktivt samarbeid til det beste for alle involverte.

Vedlagt finn De avtale og oversikt over området der løypene går (ca. teikna på kart)

Helsing  
Nils Magne Helle  
Styreleiar (tlf. 91 55 15 22)



E-post: [turlaget@haugnett.no](mailto:turlaget@haugnett.no)

NB! Hugs å ta kopi av avtalen.